



Giske rådhus, bortsettingsarkiv
Bygningsfagleg rapport

Giske rådhus gjekk i 2009/10 gjennom ei omfattande renovering og oppgradering både bygningsmessig og teknisk. Som grunnlag for oppgraderinga låg det ein brannfagleg rapport og andre bygningsmessige og tekniske rapportar. I samband med renoveringa vart alle røyr for vatn gjennom arkivromma sanert, det vart grove opp og drenert/isolert rundt bygget der det var problem med fukt og det vart lagt inn nytt ventilasjonsanlegg, nytt elektrisk anlegg der dette var naudsynt samt lagt inn adresserbart brannvarslingsanlegg.

Vedlagte utsnitt av teikning viser dei arkiva som kommunen i dag bruker til bortsettingsarkiv. Romma er eigne brannceller med brannklasse EI60.

Vedlagt også sjekklister for utarbeiding av bygningsfagleg rapport. Lista viser avvik eller mogleg avvik på følgjande punkt:

§ 4-5 Vi har ingen rutinar for fast tilsyn og reinhald. Dette må ordnast.

§ 4-7 Mogleg avvik. Lokala vart oppgradert med tekniske anlegg i samband med rehabiliteringa av rådhuset men det er ikkje laga spesiell dokumentasjon på desse romma reint bortsett frå at dei er klassa som eigne brannceller i EI60 og er bygd slik. Vi reknar dette som OK men er i tvil.

Mogleg avvik. Lokala er måla med vanleg måling for betong men vi meiner at dette er OK.

Det må skaffast handslokkar til begge romma.

Vi ber om kommentar til punkta over, der vi er i tvil om det er avvik eller ikkje. Resterande punkt vil bli ordna innan 01.03.12

Valderøya 21.12.11

Olav Megrund
Einingsleiar Teknisk.